



Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/2911 - 23/23640

Saksbehandlar:  
Roger Fanavoll Fjellsbø  
roger.fanavoll.fjellsbo@alver.kommune.  
no

Dato:  
27.03.2023

## <Skriv tittel her>

Viser til din søknad om utsløppsløyve for fritidsbustad på gbnr 312/7 datert 31.03.2022. Viser også til telefonsamtale fredag 24.03.23.

Vi beklager seint svar.

Eigedomen din ligg i eit område som er tilrettelagt for tilkopling til kommunalt avløp. Alver kommune vil i dei nærmaste åra identifisere og planlegge for at større område med bustader og fritidsbustader vert knytt til eksisterande kommunale avløpsanlegg der dette er mogeleg. Det vil av den grunn ikkje bli gitt nye utsløppsløyve med lang varigheit i desse områda.

Du kan no velje mellom å:

1. Trekke søknaden om utsløppsløyve i denne saka og søke om tilknytning til kommunalt avløp
2. Trekke søknaden om utsløppsløyve i denne saka og behalde dagens løysing med utsløppsfritt toalett.
3. Oppretthalde søknaden om utsløppsløyve med minireinseanlegg. Eit løyve vil då bli gitt med ein varigheit på 6 år.

Vi ber om ei tilbakemelding frå deg på om du ønsker å søke om tidsbegrensa utsløppsløyve eller om du vil trekke søknaden om utsløppsløyve i sak 22/2911.

### Aktuelt regelverk

- Tilknytingsplikta følgjer av pbl. § 27-2.
- Kommunen kan godkjenne ei anna ordning viss tilknytning vil medføre ein «uforholdsmessig stor kostnad», jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Roger Fanavoll Fjellsbø  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*